

Kjell Larsen
Nesjaberget 22
5417 Stord

Dato: 11.01.2018
Vår ref.: 2018/141-4
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Drosjeløyve på Stord

Viser til ope brev av 16.12.2017 frå deg til fylkesdirektør samferdsel, sendt på e-post til samferdselsavdelinga 11.01.2018.

Du har tidlegare vore løyvehavar, men avslutta drosjeverksemnda i 2014. Ein forstår det slik at du likevel stiller spørsmål ved utlysing av løyve på Stord den 03.11.2017.

Løyvetalet på Stord er fastsett politisk. Hovudregelen er at ledige løyve skal kunngjerast, jf. yrkestransportforskrifta § 37, tredje ledd. Unntaksvis kan løyvestyresmakta leggja ledige løyve på is, t.d. når det ikkje er søkjarar. Der det er etablert drosjesentral kan løyvestyresmakta i samarbeid med sentralen vurderer å leggja løyve på is dersom det er svikt i marknaden. På Stord er det innført konkurranse mellom sentralane, og begge sentralane må vera einige dersom løyvestyresmakta skal ta omsyn til ønskje om utsett kunngjering av ledige løyve.

Løyvestyresmakta innhentar årleg statistikk som del av grunnlaget for behovsprøving av løyve. Ser ein på folketalet i Stord kommune er drosjedekninga her mindre enn landsgjennomsnittet. I samband med nedgang i oljeindustrien, vart det lagt løyve på is. Aktiviteten har no teke seg noko opp. Begge sentralane har fått høve til å uttala seg før siste kunngjering.

Ein kommenterer ikkje enkeltsaker. Hovudregelen er at det er løyveplikt for all persontransport mot vederlag. Etter yrkestransportforskrifta § 23 kan løyvestyresmakta gje dispensasjon frå løyveplikta i enkeltstående tilfelle og under særskilde vilkår.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

